



Nynorsk kultursentrum

# Vedtaksprotokoll styremøte

**Ivar Aasen-tunet, Ørsta**

**Tysdag 3. oktober 2017 kl. 10.15–14.45**

## **Til stades**

Lodve Solholm (leiar), Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Stina Aasen Lødemel, Grete Riise, Jon Østbø, Øystein A. Vangsnes (rådsordførar, observatør), Ottar Grepstad (direktør), Per Magnus Finnanger Sandsmark (sak 52)

## **Forfall**

Hilde Barstad

## **Sakliste**

### **Konstituering**

- 40/2017 Innkalling og sakliste
- 41/2017 Godkjenning av protokollar

### **Saker til orientering**

- 42/2017 Referatsaker
- 43/2017 Aktuelle saker
- 44/2017 Personalsaker

### **Vedtaksaker**

- 45/2017 Rekneskap januar–august 2017
- 46/2017 Prognose 2017
- 47/2017 Einar Økland-huset
- 48/2017 Retningslinjer for Vinje-fondet
- 49/2017 Rammer for lager- og reiskapshus i Aasen-tunet
- 50/2017 Organisering Nynorsk kultursentrum
- 51/2017 Utvikling av barneleksikon
- 52/2017 Langtidsplan digitale tenester 2018–2021
- 53/2017 Etterkalkylar Den kulturelle skulesekken

54/2017	Oppnemningar
55/2017	Redaksjon Allkunne 2018–2019
56/2017	Stortingsvalet 2017 i språkpolitisk perspektiv
57/2017	Kulturpolitisk perspektivmelding
58/2017	Oppfølging Perspektivdagen 2017
59/2017	Jubileumsdagen 2018

#### **Drøftingssaker**

60/2017	Resultatvurdering Dei nynorske festspela 2017
61/2017	Resultatvurdering sommarsesongen 2017

## **Konstituering**

### **40/2017 Innkalling og sakliste**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjende.

### **41/2017 Godkjenning av protokollar**

#### **Vedtak**

Protokollar frå styremøte 8.6.2017 og skriftleg møte 14.8.2017 er godkjende.

## **Saker til orientering**

### **42/2017 Referatsaker**

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **43/2017 Aktuelle saker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **44/2017 Personalsaker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

# **Vedtaksaker**

## **45/2017 Rekneskap januar–august 2017**

### **Vedtak**

Styret tek rekneskap januar–august 2017 til vitende.

## **46/2017 Prognose 2017**

### **Vedtak**

1. Styret tek prognose for 2017 til vitende.
2. Over driftsbudsjettet for Aasen-tunet blir det brukt inntil 125' til rydding og utbetring av området nedanfor svingen i Aasen-tunet.
3. Styret vurderer eventuelle avsetjingar i 2017 når rekneskapen januar–oktober ligg føre på styremøtet i desember.

## **47/2017 Einar Økland-huset**

### **Vedtak**

1. På grunnlag av saksførelegg og drøfting i fleire møte gir styret si tilslutning til arbeidet med å utvikle ein samla plan for forvaltning av Økland-huset med bygningar og samlingar.
2. Nynorsk kultursentrum konsentrerer si deltaking om forvaltning og bruk av samlingane, samarbeider med Sunnhordland Museum om arrangement, utstillingar og digitale tenester, og deltek som rådgivar i spørsmål som gjeld forvaltning av bygningar og anlegg.
3. I samråd med styreleiaren får direktøren fullmakt til å signere ein samarbeidsavtale med Sunnhordland Museum om Økland-huset.

4. I samråd med styreleiaren får direktøren fullmakt til å signere ein intensjonsavtale med Einar og Liv Marit Økland om Økland-huset.
5. Under føresetnad av finansiert forprosjekt drøftar styret saka på ny i juni 2018 og forprosjektrapport i desember 2018.
6. Direktøren held styret orientert viss føresetnadene i saksførelegg og drøfting endrar seg vesentleg.

## **48/2017 Retningslinjer for Vinje-fondet**

### **Vedtak**

1. I punkt 2 blir siste setning endra til: «Prosjekt i ~~skriftlege medium blir prioriterte, med jamstilling mellom~~ i papirmedium og digitale format blir vurderte på like vilkår.»
2. I § 7 blir første setning endra til: «Fagrådet har ~~fire~~ tre faste medlemmer og ein varamedlem som arbeider sjølvstendig. Rådet skal dekkje både pressefagleg og språkfagleg kompetanse, ~~særleg utgivar/redaktør, journalistikk, utdanning og forskning, og språkpolitikk.~~»

## **49/2017 Rammer for lager- og reiskapshus i Aasen-tunet**

### **Vedtak**

1. Byggenemnd for lager- og reiskapshus i Aasen-tunet blir sett saman av direktør (leiar), dagleg leiar og driftsansvarleg i Aasen-tunet.
2. Styret godkjenner framlegget til framdriftsplan.
3. Styret bed om at byggenemnda rapporterer til kvart møte etter behov.

## **50/2017 Organisering av Nynorsk kultursentrum**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner at ei ny stilling som administrasjonssjef blir inkludert i arbeidet med BU 2018.
2. Etter avsluttande interne prosessar tek styret stilling til organisering av Nynorsk kultursentrum i møte 8.12.2017.
3. Styret bed om at administrasjonen lagar framlegg til retningslinjer for styrearbeidet og framlegg til stillingsomtale for direktøren til møte 8.12.2017.
4. Som ein del av grunnlaget for *Kommunikasjonsplan 2019–2022* avgjer styret profilering av institusjonen som heilskap i møte 27.2.2018.

## **51/2017 Utvikling av barneleksikon**

### **Vedtak**

1. På grunnlag av vedtekne prioriteringar og saksførelegg blir arbeidet med å utvikle eit barneleksikon på nynorsk ikkje ført vidare no.

2. Seinast i arbeidet med *Langtidsplan for digitale tenester nr. 7* i 2021 blir saka vurdert på ny.
3. Styret bed administrasjonen legge fram ei sak om samarbeid med andre nynorsk- og kunnskapsaktørar om utvikling av Allkunne seinast til styremøtet i desember 2018.

## **52/2017    Langtidsplan digitale tenester nr. 6 2018–2021**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner *Langtidsplan digitale tenester nr. 6 2018–2021* med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret avgjer nettstadstruktur i framtida seinast i desember 2018.
3. Neste utgåve av langtidsplanen blir drøfta i 2020.

## **53/2017    Etterkalkylar Den kulturelle skulesekken**

### **Vedtak**

1. Styret konstaterer at Den kulturelle skulesekken er ein viktig del av verksemda i Nynorsk kultursentrum og har stor kulturpolitisk verdi.
2. Nynorsk kultursentrum bed om møte med leiinga i Kulturtanken for å drøfte overordna spørsmål om Den kulturelle skulesekken som gjeld språk og økonomi.

## **54/2017    Oppnemningar**

### **Framlegg til vedtak**

1. Styret godkjenner mandat og rammer for programrådet for Litteraturdagane i Vinje i tråd med saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Styret gir styreleiaren fullmakt til endeleg oppnemning av programråd for Litteraturdagane i Vinje 2017–2020 ut frå saksførelegg og drøftinga i møtet.
3. Styret gir styreleiaren fullmakt til endeleg oppnemning av programråd for Ulvik poesifestival 2018–2019 ut frå saksførelegg og drøftinga i møtet.

## **55/2017    Redaksjon Allkunne 2018–2019**

### **Vedtak**

1. Allkunne held fram med ordninga med ein redaksjon oppnemnd av styret og med dei reglane som elles gjeld for verv i Nynorsk kultursentrum.
2. Kvar ekstern redaksjonsmedlem får eit årleg honorar på 33 000 kr utan feriepengar. Summen blir justert årleg etter konsumprisindeksen.
3. Styret gir styreleiar fullmakt til å oppnemnde medlemmer i samråd med direktøren på grunnlag av saksførelegg.

## **56/2017 Stortingsvalet 2017 i språkpolitisk perspektiv**

### **Vedtak**

1. Styret tek informasjon og drøfting til vitende.
2. Nynorsk kultursentrum v/styreleiar og rådsordførar sender brev til alle nynorskrepresentantane i det nye Stortinget.

## **57/2017 Kulturpolitisk perspektivmelding**

### **Vedtak**

Styret takkar rådet for drøfting og innspel og gir direktøren fullmakt til å fullføre dokumentet på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

## **58/2017 Oppfølging Perspektivdagen 2017**

### **Vedtak**

1. Perspektivdagen blir ført vidare som eit årleg arrangement på opningsdagen for Dei nynorske festspela.
2. Perspektivdagen 2018 blir arrangert 7.6.2018, og styret drøftar program i februar møtet 2018.
3. Prioritert tema i 2018 er litteratur og litteraturpolitikk.

## **59/2017 Jubileumsdagen 2018**

### **Vedtak**

Styret fastlegg rammene for 25-årsjubileet i møte 8.12.2017.

# **Drøftingssaker**

## **60/2017 Resultatvurdering Dei nynorske festspela 2017**

### **Vedtak**

Med grunnlag i saksførelegg og drøfting i møtet sluttar styret seg til framlegga til tiltak for 2018.

## 61/2017 Resultatvurdering juni–august 2017

### Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

## Godkjend protokoll

Protokoll frå møte 3. oktober 2017 er godkjend i møte 8. desember 2017.

---

Lodve Solholm

---

Grete Riise

---

Brit Bildøen

---

Sæbjørn Forberg

---

Jon Østbø

---

Stina Aasen Lødemel

---

Ottar Grepstad